

Møteinnkalling

| | |
|-------------------|--|
| Utval: | Folgefonna nasjonalparkstyre |
| Møtestad: | Fossberg og Rosendal Fjordhotel - Rosendal |
| Dato: | 24.09.2020 |
| Tidspunkt: | 09:30-15:30 |

Forfall må meldast så snart som mogleg på e-post: folgefonna@fylkesmannen.no eller på telefon: 40904341. Vararepresentantar får kopi av innkallinga og møter etter nærare beskjed.

Alle delegerte vedtak ligg ute på: www.miljovedtaksregisteret.no.

Møtet startar med vel to timar synfaring i lettgått, men fuktig terreng, så vel antrekk etter vêrtilhøva.

Program

0930-1130 Synfaring Hattebergdalen. Oppmøte ved parkeringsplassen på Fossberg

1130-1200 Lunsj på Rosendal Fjordhotel

1200-1230 Styremøte - Besøksstrategi

1230-1500 Styremøte - Andre saker

1500-1530 Orienteringssaker frå forvaltar

For dei som skal sende reiserekning og krevje møtegodtgjersle:

1. Først må du registrere deg via denne lenka:

«Skjema for registrering av mottakarar som skal ha godtgjering»

<https://fmsffmedocvwr.fylkesmannen.no/edocument.viewer/fylkesmannen/eksterne>

2. Den enklaste måten å registrere møtegodtgjersle og reiserekning er gjennom appen «DFØ-app»

For hjelp til dette, sjå: «Selvbetjening for honorarmottakere»

<https://dfo.no/kundesider/lonn/selvbetjening-for-honorarmottakere>

ST 29/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 30/20 Val av styremedlem til å skrive under protokollen



Arkivsaksnr: 2020/446-30
Sakshandsamar: Jostein Klette
Dato: 03.06.2020

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 31/20 | 24.09.2020 |

Vedtak - Besøksstrategi for Folgefonna nasjonalpark og tilgrensande verneområder

Innstilling frå forvaltar

Besøksstrategien for Folgefonna nasjonalpark, Buer landskapsvernområde, Bondhusdalen landskapsvernområde, Ænesdalen landskapsvernområde, Hattebergsdalen landskapsvernområde og Langebudalen naturreservat, 2020 til 2030, blir endeleg vedtatt.

Saksopplysningar

Føremålet med denne strategien er å sikre ein samla besøksforvaltning for Folgefonna nasjonalpark og verneområda rundt.

Denne strategien skal sikre ei god oppleving for dei som nyttar verneområda, samstundes som naturverdiar, landskap og kulturmiljøa vert tatt vare på. Strategien skal sikre at lokal busetnad vert ivaretatt og at dei som vitjar områda får ei god oppleving. Dette kan vere med å bidra til fleire moglegheiter for lokal verdiskaping knytt til verneområda.

Visjonen er: Vi skal ta vare på verneverdiane, dei gode naturopplevingane og lokalsamfunna no og for ettertida.

Arbeidet med besøksstrategi femnar om Folgefonna nasjonalpark, dei fire kringliggande landskapsvernområda: **Hattebergsdalen, Ænesdalen, Bondhusdalen og Buer landskapsvernområde**, i tillegg til **Langebudalen naturreservat**.

| | |
|---------------------|--|
| Nasjonalpark | Folgefonna Nasjonalpark |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer |
| Naturreservat | Langebudalen |



Verneverdiane er i dag ikkje direkte truga som følgje av besøkande. Områda med mest besøk er robuste for slitasje. Om det er veldig mange menneske som beveger seg utanfor etablerte stiar kan slitasje på terreng bli så stor at han truar verneverdiane. Ferdsel langs eksisterande stiar vil ikkje vere eit problem. Nye former for friluftsliv og bruk av naturen kan føre til bruk av område som har vore utilgjengelege. Dette kan gje utfordringar som ein ikkje har oversikt over i dag.

Kanaliserings av besøkande til verneområda forutset at infrastrukturen her har tilstrekkeleg kapasitet. Dei største innfallsportane er også nytta av beitedyr i heile sommarsesongen. Aukande bruk av områda kan gje utfordringar knytt til husdyr og stor ferdsle av folks om ikkje har røynsle med husdyr som går ute.

Verneføremålet kan styrkast ved å kanalisere og informere betre. Vi kan også gjere opplevingane til brukarane betre ved å minske trykket og avtrykket i landskapet. I nokre område har det oppstått nye behov som følgje av endra bruk av områda. Eit døme på dette er at det bør bli meir fokus på å dekke behovet for infrastruktur og servicetiltak for langtreisande dagsturistar på tur (toalett og parkeringsplassar).

Betring av infrastruktur i nokre område rundt Folgefonna vil vere tiltak som betrar dei besøkande si totaloppleving av verneområdet og vil vere ein klar fordel for reiselivet. Med høgare kvalitet på innfallsportane og servicetenester der vil naturbasert reiseliv få seg eit løft for heile regionen. Her gjeld det som nemnt over å sørgje for å identifisere problemområde og flaskehalsar og sørge for at desse vert utbetra.

Dei overordna måla med besøksforvaltinga i våre verneområde er:

- Ta vare på verneverdiane i verneområda og natur- og kulturverdiane i randsona
- Gje dei besøkande ei god oppleving
- Legge til rette for verdiskaping i lokalsamfunna rundt verneområda

Det er konkretisert 4 fokusområder:

Mål for verneverdiane

- Styrke og ta vare på verneverdiane
- Ta vare på og synleggjere utvalde kulturminne i verneområda
- Oppleving av landskapet skal ikkje bli skjemt som følgje av auka bruk

Mål for reiselivet og besøkande

- Besøkande skal få gode opplevingar i verneområda som er tilpassa deira ønskjer og forventingar
- Besøkande skal få god og tilpassa informasjon om verneområda i alle ledd av kundereisa
- Gjere reiselivet og besøkande meir medvitne om verneområda
- Legge til rette for betre samhandling mellom reiseliv og forvaltinga
- Å leggje til rette for å utvikle berekraftige og framtidsretta reiselivsprodukt

Mål for lokalsamfunna

- Skape stoltheit og begeistring for verneområda hjå lokal busetting og lokale bedrifter



- Bidra til å kunne auke lokal verdiskaping i bygdene rundt verneområda
- Bruke merkestrategien for Norges nasjonalparkar
- Ta vare på næringsutøving som landbruk, jakt og fiske i verneområda
- Aktivitetar og tilrettelegging må ikkje vere i strid med verneføremåla eller skape unødige konflikhtar med landbruks- eller friluftslivsinteressene i området.

Mål for born og unge

- Fleire born og unge skal få høve til gode opplevingar i verneområda, og få meir kunnskap om friluftsliv, natur- og kulturtilhøve og lokal haustingskultur som skal gje naturglede og auka forståing for vernet

Felles strategiar for verneverdiar, besøkande og verdiskaping

1. For å kunne gjennomføre ønska tiltak må det samarbeidast med alle medverkande aktørar. All ferdsel i verneområda startar utanfor, difor er det heilt avgjerande for å kunne kanalisere ferdsel at dette skjer gjennom eit utstrekt samarbeid med mange ulike aktørar for å oppnå ønska resultat.
2. Informasjon må brukast for å auke forståing for og ivareta omsyn til sårbare verneverdiar. Sårbare kulturminne må sikrast ved hjelp av informasjon og tilrettelegging i samarbeid med kulturminnestyresmakter.
3. Utvalde stiar må leggjast til rette for å redusere slitasje på terrenget og gjere dei meir framkommelege.
4. Nytte positive verkemiddel gjennom tilrettelegging og informasjon, men i nokre tilfelle vurdere å ta i bruk avbøtande tiltak om naudsynt.

Strategiar for å nå mål for besøkande

1. Besøkande vil bli kanaliserte ved hjelp av informasjons- og kommunikasjonsplanen og ved å leggje til rette utvalde innfallsportar.
2. Besøkande skal få god og tilpassa informasjon for å auke forståinga av verneverdiane og for at dei skal kunne planlegge turar tilpassa deira føresetnader.
3. Kjøpping over myrer og bruer over bekker langs viktige stiar for å fremje ferdsel og hindre slitasje og sår i landskapet.
4. Det er ønskjeleg å leggje til rette utvalde kulturminne for å auke opplevinga samstundes som kulturminna vert sikra.
5. Moglege konflikhtar mellom ulike brukargrupper skal reduserast ved å bruke informasjon for å auke forståinga og å kanalisere brukargrupper i tid og rom.

Strategiar for å nå mål for lokal verdiskaping

1. Nasjonalparkstyret vil ha aktiv dialog og samarbeid med lokalt næringsliv for å medverke til auka lokal verdiskaping, m.a. ved utarbeiding av informasjons- og kommunikasjonsplan, ved utarbeiding av plan for innfallsportar og ved utvikling av fleirdags turtilbod rundt Folgefonna.

Strategi for informasjon

1. All informasjon om nasjonalparken skal følgje Merkevarerstrategien for Norges Nasjonalparker, utvikla av Miljødirektoratet. Der vi informerer på line med andre



aktører, både offentlige og private, skal vi søkje samarbeid med desse aktørane for å informere tilstrekkeleg og på ein god måte.

2. Tiltak for å legge til rette og informere skal haldast utanfor eller nært inn til grensene for verneområda og helst i nærleiken til eksisterande næringsverksemd som kan tilby varer og tenester til dei besøkande.
3. Informasjon om verneområda skal vere positiv i forma og å ha fokus på å legge til rette for framferd som ikkje skapar konflikt eller går ut over verneverdiane. Der det likevel oppstår konfliktar skal ein ta i bruk avbøtande tiltak med god informasjon om kvifor tiltaka er naudsynte.

Tiltaksplan

Tiltak for å nå måla for verneverdiane

1. Formidle sentrale vernereglar på innfallsportar som har høgt besøk av utanlandske førstegongsbesøkande - gjennom kommunikasjonsplan
2. Informere om sentrale vernereglar på heimesider - gjennom kommunikasjonsplan
3. Kartlegge kulturminne og lage ein plan for formidling av utvalde kulturminne i verneområdet.
4. Måle ferdselstrykk, slitasje og gjere sårbarhetsvurderingar etter Miljødirektoratet si handbok.
5. Gjennomføre ny brukarundersøking innan 10 år for å kartlegge besøkande si oppleving av landskapet
6. Utarbeide ein plan for merking og opparbeiding av vegar, stigar, bruer og ferdselsvegar. Planen skal òg omtale område som ikkje bør merkjast. Ansvar: Forvaltingsstyresmakta.

Tiltak for å nå måla for reiseliv og besøkande

1. Kommunikasjonsplan - sikre god og tilpassa kommunikasjon over alle plattformer, samt informasjonsplan for dei mest brukte innfallsportane
2. Ha årlege møte og samlingar/vertskapskurs for reiselivet tilknytta Folgefonna med tema som:
 - *Samhandling*
 - *Felles utfordringar*
 - *Moglege konfliktpunkt*
 - *Besøkande si kundereise og oppleving av reisa*
3. Nasjonalparkstyret skal bidra med kunnskap om verneområda og rettleie reiselivsbedrifter ved utvikling av nye reiselivsprodukt knytt til Folgefonna
4. Halde oversikt over omfang og type organisert verksemd og prøve å styre aktivitetane gjennom rettleiing og medverknad. Forvaltingsstyremakta skal halde kontroll med større arrangement og organiserte turar som eit førebyggjande tiltak mot slitasje og skade.



Tiltak for å nå måla for lokalsamfunna

1. Arrangere folkemøte i alle bygder med fokus på kva vern av Folgefonna betyr
2. Nasjonalparkstyret skal vere ein samarbeidspartnar og bidra til at lokale verksemdar kan nytte vernestatusen og merkestrategien på ein måte som ikkje forringar status eller verdi av vern av Folgefonna
3. Nasjonalparkstyret skal sikre god dialog med grunneigarar og rettshavarar og reiseliv for å hindre konflikter mellom dei ulike interessene i området

Tiltak for å nå måla for born og unge

1. Lage opplegg for nærturar med informasjonsmateriell retta mot born og unge i samarbeid med besøkssenter nasjonalpark Folgefonna, med ulike tema:
 - a. Verneverdiar
 - b. Historisk bruk og kulturminne
 - c. Naturmangfald
2. Nasjonalparkstyret og naturretteleiar ved besøkssenteret lagar eit undervisnings- og informasjonsprogram for born og unge ved skulane i alle Folgefonnkommunane, som skal formidle verneverdiane

Konkrete tiltak knytt til innfallsportar

Innfallsportane er eit av dei viktigaste verkemidla for å formidle vernet til dei besøkande, anten dei berre er på gjennomreise eller planlegg turar inn i verneområda. Vi kan sjå på innfallsportane som summen av all utandørs tilrettelegging rundt verneområda. Dei skal ligge i randsona til vernet, utanfor vernegrensa. Innfallsporten skal gi den besøkande ein klar oppfatning av føremålet med nasjonalparken. Språk: Tydeleg - kortfatta - positiv.

Tiltak på innfallsportane

Bondhusdalen

- Ferdigstille prosjekt som gjeld drift og vedlikehald av infrastruktur opp til Bondhusvatnet. (Samarbeid mellom private eigarar, rettshavarar, kraftlag, reiseliv, kommune, friluftsråd, turlag og besøkssenter)
- Bygge opp att varde og designe nytt informasjonspunkt på parkeringsplassen på Bondhus - samarbeid mellom nasjonalparkstyre, turlag og kommunen.
- Oppdatere skiltplan ved Bondhusvatnet.
- Sjå på muligheten for å etablera avgrensa lokalitetar for telting i Bondhusdalen med sanitæranlegg (utmarkscamping)

Ænesdalen

- Toalett på innfallsport på Ænes - samarbeid med grunneigarar, kommunen og friluftsrådet.
- Informasjonsskilt om turar frå Ænes - samarbeid med kommunen, lokalt turlag og friluftsrådet.



Hattebergsdalen

- Utarbeide nærsti med informasjon om kultur- og naturhistorie rundt Hattebergsfossen - samarbeid med Kvinnherad kommune, lokalt turlag, grunneigarar, nasjonalparkstyret og Baroniet i Rosendal.

Folgefonna

- Utvide innfallsport på Kletta i samarbeid med kommune, grunneigarar, lokalt turlag og friluftsråd.
- Toalett ved Myrdalsvatnet.
- Informasjonspunkt på det nye besøksenteret på Langfoss i Etne samarbeid med lokale reiselivsaktørar, besøksenter og kommunen
- Informasjonspunkt på det nye besøksenteret på sommarskiserenteret i Ullensvang i samarbeid med lokale reiselivsaktørar, besøksenter og kommunen
- Utvide gratis informasjonstilbod om Folgefonna ved Folgefonnsenteret i Rosendal
- Som ein del av arbeidet med informasjonsplan for Folgefonna må det lagast ein plan for oppdatering av eksisterande informasjonstilbod på alle desentraliserte informasjonspunkt knytt til Besøksenter nasjonalpark Folgefonna. Det vil seie: Agatunet, Odda turistinformasjon, Juklafjord og Langfoss.

Buerdalen

- Nytt sanitæranlegg
- Sjå på muligheten for å etablere avgrensa lokalitetar for telting i Buerdalen med sanitæranlegg (utmarksamping)
- Samordne informasjonspunkt med ny skiltplan i samarbeid med kommune, grunneigarar og lokalt turlag.
- Vedlikehald av sti på enkelte punkt der slitasje er eit problem i samarbeid med grunneigarar
- Kontinuerleg vedlikehald av ferdsestilrettelegging langs stien til Buerbreen.



Prosess innkomne merknadar

Nasjonalparkstyret vedtok i styremøte 11.12.20 å leggje besøksstrategien ut på høyring. Høyringsperioden var i utgangspunktet frå 21. januar til 23. mars. Fleire av kommunane ynskte utsett frist for å kunne handsame besøksstrategien politisk. Det vart difor gjeve utsett frist inntil 30.05.2020.

Det kom inn 14 merknadar til planen. Alle innspel og merknadar er vist i vedlegg til besøksstrategien. Dei fleste merknadane er hovudsakleg knytt til følgande:

1. Betre informasjonsskilting om stiar, bålforbod, aktsemd knytt til ferdsel og husdyr og generell informasjon om ferdsel i natur.
2. Styring av telting i og inn mot verneområda gjennom tilrettelegging av teltplasser og tydleg skilting og merking av desse.
3. Betre sanitære tilhøve og fleire bos-spenn.
4. Utbetring og auka kapasitet av p-plasser på enkelte innfallsporter.

Det er nokre prinsipielle merknader som bør løftast opp til diskusjon i nasjonalparkstyret.

Ullensvang kommune viser i sin merknad til at:

«Ullensvang kommunestyre bed om at strategien gjennomgåande aukar fokus på Etne og Ullensvang kommune sine delar av nasjonalparken.(...) Ullensvang kommunestyre bed om at strategien i større grad legg opp til at Jondal og Odda sentrum skal vera synlege og tydelege innfallsportar til nasjonalparken. Dette bør henga saman med merking av stiar og innfallsportar inn i nasjonalparken.»

Kommentar til merknad

Generelt er det eit fokus i merknaden at det bør vera eit auka fokus på Etne og Ullensvang kommune i besøksstrategien. Dette er ein prinsipiell diskusjon som ein opplever kjem opp med jamne mellomrom i forvaltninga av nasjonalparkstyret. Her er det viktig å avklare om ein skal ha ein geografisk fordeling eller ei fordeling knytt til behov.

Det er i dag slik at dei fleste startpunkt for stiar og vegar inn i nasjonalparken er i Kvinnherad kommune. Med dagens struktur så er det naturleg at det er eit fokus på desse i ein besøksstrategi.

Samstundes er det slik at spesielt Etne kommune har få vegar og stiar inn mot nasjonalparken. Det er eit ope spørsmål om ein skal sjå om kvar kommune skal ha ein tydleg innfallsport. Det har vore vurdert i Etne kommune men grunna ulike tilhøve knytt til eigartilhøve så er det ikkje jobba meir med dette.

Når det gjeld Ullensvang så er det fleire større startpunkt for turaktivitet inn i nasjonalparken og landskapsvernområda. Nasjonalparkstyret har løyvd tiltaksmidler til fleire av desse gjennom mange år. Det må vurderast kvar ein skal nytte tiltaksmidler. Det som er viktig at ein har nokre fokusområder der det er eit markert behov for å nytte tiltaksmidler.

Vurderinga er at ein bør gå vidare med fordelinga av tiltak slik det ligg i besøksstrategien no.

For dei andre merknadane viser ein til vedlegget.



Vurdering

For å sikre ei god oppleving for dei besøkande og ivareta verneverdiane er god infrastruktur og god informasjon viktig. Dette bidreg til å legge til rette for ei god kanalisering av dei store besøksmengdene. Dette har vore fokusområdet i besøksstrategien med god informasjon og fokus på infrastruktur.

Dette er òg gjennomgangstema i innkomne merknadar. Dette er tatt inn i tiltaksplanen. Det er svært mange tiltak og det vil vera trong for ei prioritering i kva tiltak som skal gjennomførast. Det er sett opp ønska tid for gjennomføring av dei ulike tiltaka. Ein ser at ein del av desse er avhengig av eksterne private og offentlege aktørar, og at tid for gjennomføring kan bli forskjøve.

I tillegg er gjennomføring av tiltak avhengig av at det vert løyvd tiltaksmidler frå miljødirektoratet. Det bør vurderast om tiltaksplan med tidsplan for gjennomføring vert evaluert og revurdert ved fyrste styremøte kvart år, slik at ein kan prioritera oppgåver ut får tilgjengelege ressurser for det aktuelle året.

Samla sett er no besøksstrategien klar til å bli vurdert og vedtatt i nasjonalparkstyret.

Konklusjon

Besøksstrategien vert lagt fram til vurdering og endeleg vedtak i Nasjonalparkstyret.

Vedlegg:

1 Besøksstrategi 120620



Arkivsaksnr: 2020/11240-0
Sakshandsamar: Jostein Klette
Dato: 14.07.2020

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 32/20 | 24.09.2020 |

Søknad om motorferdsel - Persontransport for tilsyn av storfe - Buerstølen - Ullensvang - Buer landskapsvernområde

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev med dette avslag på fleirårig løyve til transport av gjetarar til Buerstølen.

Saksopplysningar

Bjørn Buer søkte Folgefonna nasjonalparkstyre om fleirårig løyve til å frakte opp personer til å vera på stølen ein periode for å føre tilsyn med storefe. Konkret står det i søknaden at:

«Vi har skotsk høylandsfe og sauer på Buarstølen. I år er det mye farlige snøfenner som ikkje er smeltet bort. Samtidig er det et generelt behov for ettersyn av dyra min på stølen, for å holde dei i dette området. Det er veldig viktig for å holde kulturlandskapet rundt stølen, og ha kontroll på dyra.

Eg er på jobb i Nordsjøen store deler av sommaren og behøver hjelp med tilsyn av dyra. Eg har god hjelp av foreldra mine til dette, dei er no blitt oppi åra, og kvier seg for opp og ned lia. Lia er veldig bratt, terrenget på stølen er mye flatere, og dei kjem seg fint rundt der, og mye av tilsynet gjøres rundt stølshuset. Det at det er folk der, gjør at dyra er der. Vi søker om transport. Søker derfor om 2 landinger i år og for 4 år framover.»

Det vart i telefonsamtale med søker vist til at det i år (2020) vart forsvunne 2 dyr og at det å ha folk på stølen gjorde at dyra holdt seg rundt i dette området. I tillegg vart det peika på at

| | |
|---------------------|--|
| Nasjonalpark | Folgefonna Nasjonalpark |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer |
| Naturreservat | Langebudalen |



dette må handsamast som næringsverksemd, på lik linje med andre som dreiv næringsverksemd i verneområda.

Søker har tidlegare fått løyve til å fly inn materiale og gjetarar i 04.08.2015. Det vart her vist til at det ikkje ville blitt gitt løyve dersom det kun var persontransport. Det vart på grunnlag av dette vedtaket gjeve løyve til å fly inn gjerdemateriale og gjetarar i delegert vedtak 14.07.2020. Grunnlaget for dette var at det var eit spesielt år med mange snøfonner og at det var eit særskild behov for tilsyn.

Juridisk grunnlag

Utgangspunktet er at all motorisert ferdsel under 300 m er forbode, jf. verneforskrifta § 3, punkt 5.1. Det er gjeve unntak for:

«b) Nødvendig motorferdsel i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring».

Kva som er naudsynt ferdsel er omtalt i forvaltningsplanen for landskapsvernområdet Buerdalen. Her er det vist til at:

«Nødvendig motorferdsel i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring er tillate, jf. pkt. 5.2 b i vernereglane. Nødvendig transport i denne samanheng er å frakte utstyr til bruk i næringa, slik som saltsteinar, gjerdematerialar, utstyr for ved- og tømmerhogst, materialar for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus, og frakt av sjuke dyr og naudslakt.»

I forvaltningsplanen er det vist til at:

«Omfanget av motorisert ferdsel i verneområda skal haldast lågast mogleg. Behovet for motortransport etter (...) i vernereglane skal vurderast strengt og nøkternt før det vert gjeve løyve».

Samstundes er det i høve til landbruksdrift vist til at:

«Lovverket bør praktiserast slik at den tradisjonelle landbruksdrifta kan halde fram som før, så lenge ho ikkje kjem i strid med verneføremålet. Det er ynskjeleg å halde oppe beiting og tradisjonelle stølsområde i nasjonalparken, men utan å gjere større tekniske inngrep».

Vurdering etter naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Det er ikkje kartlagd naturmangfald som kan bli negativt påverka som følge av ferdsel med helikopter. Ein vurderar at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg. Vurderingar knyttt il samla verknasd og presedens er vurdert i neste avsnitt.

Vurdering

Nasjonalparkstyret må her vekta to ulike omsyn opp mot kvarandre. Desse to omsyna er å halde omfanget av motorisert ferdsel så lågt som mogleg. Samstundes så må det leggast til rette for tradisjonell landbruksdrift og at det i enkelte stølsområder vert oppretthaldt eit visst beitetrykk.



Motorisert ferdsel i verneområda

Ved vurdering av om det skal opnast for motorisert ferdsel er det viktig at behov og alternativ vert vurdert. Dersom det er behov for naudsynt transport er dette allereie unnatta søknadsplikt i forvaltningsplanen. Transport av utstyr som gjerdemateriell og saltstein er naudsynt. Persontransport i landbruksnæringa kan ikkje seiast å vera naudsynt med mindre det er eit konkret behov. Dette legg til grunn for at det vart gjeve løyve i år til å ha både person og transport av gjerdemateriell, men at det var søknadspliktig siden det var transport av personer.

Lokaliteten det skal fraktast personer til er Buerstølen. Dette er ein stad det er sti opp til og det er vanleg å gå opp her til fots. Behovet for transport er knytt til at personane som vert nytta til gjetarar er eldre personar som no finn det utfordrande å gå opp her til fots. Det finnes difor eit alternativ til at gjetarane som vert nytta her kan gå opp til fots. Det er imidlertid søker som må vurdere om personane han ynskjer å bruke til å gjeta innehar dei egenskapane han ynskjer.

Det skal vera ein høg terskel for helikoptertransport og spesielt for persontransport. Dette kan ha ein presedensverknad som er svært lite ynskjeleg. Det er mange som har husdyr på utmarksbeite rundt i Nasjonalparken og i landskapsområde, og bruk av helikopter til persontransport knytt til gjeting ville gje ein markert auke i motorisert ferdsel. Det er imidlertid kun søker som har storfe inne i eit verneområde utan vegtilknytning, ut frå det vi er kjend med. Vi finn difor at det er liten fare for presedens knytt til søknaden. Samstundes er det viktig at eit løyve er knytt til eit konkret behov, siden dette vil gje eit betre grunnlag for å vurdere ein eventuell presedens. I tillegg bør det ikkje opnast for kun persontransport.

Omsyn til landbruksdrift

Verneforskrift og forvaltningsplan legg til rette for at tradisjonell landsbruksdrift skal kunne utviklast i landskapsvernområda. Søkar driv med høglandsfe for kjøttproduksjon. Dette er ikkje eit tradisjonell storfehald med mjølkekyr eller ungdyr på stølen. Det er imidlertid viktig å legge tilhøve til rette for at det skal gå storfe og beite i fjellområda, siden desse bidreg til eit større artsmangfald hjå floraen i området gjennom å beite på andre typer flora enn småfe.

Ein vurderar det slik ut frå informasjon frå søker at det kun er i særskilde år med mykje snø det er trong for gjeting i høve til å oppretthalde storfe på stølen. Ei konkret vurdering dei åra det er trong for det vil ta omsyn til å oppretthalde landsbruksdrifta i området.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering tilrår ein eit avslag på eit fleirårig løyve, fordi det bør vurderast konkret dei enkelte åra det eventuelt er behov for det. Generelt vil ein ikkje tilrå løyve for kun persontransport.



Arkivsaksnr: 2020/10048-0
Sakshandsamar: Jostein Klette
Dato: 26.08.2020

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 33/20 | 24.09.2020 |

Uttale til revisjon av konsesjonsvilkår for Maurangervassdraget

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret vedtar å kome med innspel om at revisjonen må vurderer rammer for minstevassføring og føringar for utspyling av sedimenthaldig vatn frå tunnelar i verneområdet.

Saksopplysningar

Folgefonna nasjonalparkstyre har mottatt brev frå Ullensvang og Kvinnherad kommune, datert 18.06.2020, der avsender ynskjer innspel til revisjon av konsesjonsvilkåra for Maurangervassdraget.

Det er i brevet vist til at Ullensvang og Kvinnherad har sett i gang eit arbeid med å fremje krav om revisjon av konsesjonsvilkår for Maurangervassdraget. Hovudføremålet er er å betra miljø- og naturforholda ved å avbøta ulemper og negative verknadar ved utbygginga.

Det er i brevet vist til kva vilkår som kan reviderast:

«Det er konsesjonsvilkåra som er gjenstand for revisjon. Vilkåra skal kunna justerast slik at produksjonen kan fortsetja på ein meir miljøvenleg måte. Ein kan ikkje endra lengda på konsesjonen, leggja ned heile anlegget eller endra konsesjonen frå tidsbegrensa til tidsbegrensa. Høgaste regulerte vasstand (HRV) og lågaste regulerte vasstand (LRV) i magasina er ein del av sjølve konsesjonen, og ikkje eit vilkår. Desse står difor fast, medan revisjonen kan fastsetja begrensingar i korleis ein manøvrerar mellom desse ulike vasstandane. Aktuelle vilkår for revisjon kan vera krav om minstevassføring, krav til fylling og

| | |
|---------------------|--|
| Nasjonalpark | Folgefonna Nasjonalpark |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer |
| Naturreservat | Langebudalen |



tapping av magasin (t.d. sommarvasstand), tersklar/vasspegel, biotopjusterende tiltak, tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv langs vassdraget m.m.

Det er forholdet til dei ålmenne interessene som er regulert i konsesjonen, og som er gjenstand for revisjon. Verken privatrettslege forhold ovanfor grunneigarar og andre rettshavarar eller økonomiske krav er ein del av revisjonssaka».

Folgefonna nasjonalparkstyre har fått utsett frist til 8. oktober for å kome med innspel.

Konsesjonen i høve til verneormådet


Gjeldande reguleringsbestemmelser er frå 1969 og gjeldande manøvreringsreglement er datert 30.03.2012.

Det er kun mindre delar av konsesjonen som er innanfor Bondhusdalen landskapsvernområde, jf. figur 2. Det er her to regulerte magasin, henholdsvis Øremerkesvatnet og Holmavatnet. Vatnet herifrå, i tillegg til vatnet frå Bondhusbrea og innløpsbekken til Botnavatnet, går i tunnel ut av verneområdet, til Mysevatnet. Det er kun delar av Holmavatnet som ligg innanfor nasjonalparken.

Reguleringsbestemmelsene frå 1969 viser til at:

- f. Det samlede avløp fra feltene nevnt ovenfor med tillegg av avløpet fra Svartedalsvatns partielle nedbørfelt —): $71,1 + 32,9 = 104,0$ km² samt avløpet fra 23,7 km² av Bondhuselvis og fra 1,0 km² av Rednedalsbekkens nedbørfelter — overføres til Mysevatn i Austrepollelvi.

Det er sett øvre og nedre reguleringshøgde for dei regulerte vatna, men dette er ikkje ein del av revisjonen å endre på desse. Ut over det er det ikkje sett noko minstevassføring i elvar og bekkar innanfor vernegrensa.



Figur 1 syner regulerte magsin og tunnelar. Grøn linje syner grense for verneområdet.



Figur 2 syner det området som ligg innanfor vernegrensene.



Vurdering

Ein revisjon av reguleringa har som føremål å betra miljø og naturtilhøva. Føremålet til landskapsvernområdet og nasjonalparken er mellom anna å:

«§ 2. Formål

Formålet med nasjonalparken er å:

(...)

- ta vare på verdfull vassdragsnatur

- sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar (...)

For å ivareta føremålet med landskapsvernområdet og nasjonalparken er det viktig at det er ei minstevassføring i alle vassdrag og at miljøpåverknaden av vassdragsreguleringa vert minst mogleg. Konkret er det 2 fokusområder som nasjonalparkstyret bør spela inn til revideringa.

1. Minstevassføring vinter og sommar

For å oppretthalde naturmangfald og ein variert vassdragsnatur er det viktig at det er eit stabilt miljø. Raske vasstansendringar og store endringar er uheldig for naturmangfald og gjer at det kun er eit fåtal artar som vil kunne ha desse områda som levestad. Normalt vil det i vassdrag på Folgefonnahalvøya vera variasjoner gjennom året i vasstand, med lite vatn på seinvinter og sein sommar/tidleg haust. Desse periodane kan verta ytterlegare krevjande dersom ei regulering av vassdraget gjer at det vert mindre vatn eller at dei tørre periodane vert lengre.

Nasjonalparkstyret bør difor kome med innspel om at det innan landskapsvernområdet og nasjonalparken vert sett krav om minstevassføring både sommar og vinter. Konkret bør dette omhandle innløpselva til Botnavatnet og utløpet frå Heimsta Brufossvatnet. Kva minstevassføringa skal vera må vera ei fagleg vurdering som vert tatt av vassdragsstyresmakta.

2. Spyling og utslepp av vatn med store mengder sediment

Det er eit stort tal med tunnelar som drenerar vatn bort til dei regulerte magasinane, jf. figur 1. Generelt vil det vera naudsynt å spyle ut sediment frå denne typen tunnelar med jamne mellomrom. Dette kan forårsake store mengder med sediment ned i vassdraget, som vil vera ein miljøpåverknad for naturmangfaldet som lev her.

Ein er ikkje kjend med om det vert spylt ut sedimenthaldig vatn til Bondhusvatnet eller tilgrensande vassdrag men ynskjer å spela inn til revisjon av konsesjonen at det vert sett føringar for dette. Konkret bør det vera krav til mengde sediment og tidsavgrensing. Kva og korleis må det vera opp til fagleg styresmakt å vurdere.

Konklusjon

Forvaltaren vil tilrå at nasjonalparkstyret spelar inn til revisjon av konsesjonen for Maurangervassdraget for tema som gjeld 1) Minstevassføring vinter og sommar og 2) Spyling og utslepp av vatn med store mengder sediment.



Arkivsaksnr: 2020/13361-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 02.09.2020

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 34/20 | 24.09.2020 |

Framlegg - Hattebergsdalen landskapsvernområde - Bru i Bjørndalen - Kvinnherad kommune - Folgefonna nasjonalparkstyre

Innstilling frå forvaltar

Rosendal turlag og grunneigarane ved Bjørndalsstølen får løyve etter verneforskrifta for Hattebergsdalen landskapsvernområde § 3 1.3 e) til å bygge bru ved Bjørndalsstølen. Søkjar får også løyve til naudsynt motorferdsel i samband med tiltaket etter § 3 5.3. b) i same forskrift. For løyva gjeld følgande vilkår:

- Brua skal byggast med plassering og utforming som skissert i søknaden, datert 01.09.2020.
- Rapport med bilete av plassering vert sendt til Folgefonna nasjonalparkstyre ved gjennomføring.
- Grunneigarar tek ansvar for vedlikehald og tryggleiksvurdering av brua.
- Helikopterløyvet gjeld for inntil fem turar t/r Murabotn - Bjørndalen
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilag dagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Statens naturoppsyn får ansvar for å sjå til at tiltaka er utført i samsvar med løyve.
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på telefon **970 23 013**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember**. Merk med referanse: 2020/13361. Send gjerne på e-post til: fmhpostmottak@fylkesmannen.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.

| | |
|---------------------|--|
| Nasjonalpark | Folgefonna Nasjonalpark |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer |
| Naturreservat | Langebudalen |



Saksopplysningar

- Søknad med bilete
- Skisse for utforming


Søknad

Rosendal turnlag ved turgruppa og grunneigarane søker om å få ruste opp brua til Bjørndalssetra. Brua vart bygd for 30 år sidan og no bør både berande konstruksjonar og festa i begge endar bytast ut og omarbeidast. Plassering av brua er vist på bilete og kart under. Grunneigarane utfører og er ansvarlege for det praktiske arbeidet.

Rosendal turnlag v/turgruppa står for alle søknader gjennom sin organisasjon.

Det går to stiar til Bjørndal, den gamle stølsvegen over Skard og stien frå Hattebergsdalen og opp Ringeriket, som er mest brukt no. Stien er ikkje t-merka, men vegen er likevel mykje brukt av friluftsfolk og turgruppa vil sørge for trygg ferdsel over elva. I tillegg vert stien brukt ved tilsyn og sauesanking.

Vedlagte skissar viser korleis brua er tenkt bygd. Inspirasjon er henta frå brua som vart bygd ved Vatnastøl for to år sidan (bilete vist under). To store botnstokkar på 15 meters lengd vert lagt over elveløpet og forankra i stein på begge sider. Oppå desse monterast strekkmetallrister og rekkverk i treverk og wire. Sjølve breidda på elveløpet er om lag 12 meter og brua vil ligge i god høgde over elveløpet. Breidda på brua vert totalt 1,6 meter med 1 meter gongbreidde.




Senterposisjon: 2395.63, 6682349.32
Koordinatsystem: EPSG:25833
Utskriftsdato: 02.09.2020

0 200 400 600 800m



Figur 1: Raud prikk viser plassering av brua.






Ei skikkeleg vøla er nødvendig. Brufestet i ringen er kollapsa, så brua er farleg ustabil.
Fleire tverrbjelkar er brotna og vaierane er skadde.



Slik er brua ved Vatnastøl.

Brua i Bjørndal er tenkt utført etter same leist, med 15 meter lange stolpar frå Kvinnerad Energi og rister i strekkmetall. Slike rister er tilrådde som solide mot snø og is.



Skissene datert 16.08.2020 viser utforminga av brua.

Lovheimel

Føremålet med vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde er ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar. Samtidig skal vernemynda sikre at ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka. Ein må sjå på kva verknader tiltaket og motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurderer om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Brua

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf § 3 i verneforskrifta. Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Etter § 3 1.2 er reglane ikkje til hinder for:

- d) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltningsplanen etter [§ 7](#)

Etter § 3 1.3 i verneforskrifta kan forvaltningsstyresmakta gi løyve til:

- f) Bygging av bruer og klopper som er nødvendige i samband med beitebruk og friluftsliv

I forvaltningsplanen er desse retningslinene rundt bygging av nye bruer lista opp:

Bruer og klopper skal haldast ved like i samsvar med lokal/tradisjonell byggjeskikk.

Nye bruer og klopper kan byggjast etter søknad til forvaltningsstyresmakta, jf. 1.3 f. Ein



treng ikkje søkje om å byggje opp att godkjende bruer og klopper som er borte, til dømes på grunn av flaum.

Motorferdsel

I *Forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde* § 3 punkt 5.1 står det at «*Motorferdsel er forbode på land utanom vegane, vatn og i lufta under 300 meter*».

Det er opning i § 3 punkt 5.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- b) *Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.*

Vurdering

Ved vurdering av søknaden om å få bygge ei bru har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene av tiltaket i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av tiltaket (databasane er sist sjekka 02.09.2020).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette val av materiale for å bygge bru og å sikre ein lokalisering som på kort og lang sikt gjer minst mogleg skade på verneverdiane i området. Brua er tenkt plassert på same plass som eksisterande bru. Brua skal sikrast i store steinar på begge sider av elva og vil ikkje føre til innsnevringar i elveløpet eller vere særleg truga av flaum.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltar har vurdert samla belastning i området og vurderer den som avgrensa. Dette er einaste brua i dette området og å sette opp ei ny bru her vil vere eit viktig tryggingstiltak både for næringsdrivande og turgåarar. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Motorferdsel

Ein kan sjå behovet for å få køyrt inn material og utstyr i samband med bygging av bru i området og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med helikopter for å unngå slitasje på terreng. Motorferdsel i naturen fører til ei rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilag dagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre har køyrebokordning. Køyreboka skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31.desember**.



Arkivsaksnr: 2020/13473-0
Sakshandsamar: Jostein Klette
Dato: 10.09.2020

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 35/20 | 24.09.2020 |

Framlegg - Bruk av drone - Møsevatnet - Folgefonna nasjonalpark

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev avslag på søknad om bruk av drone, i samsvar med dei vedtekne retningslinjene.

Saksopplysningar

Nasjonalparkforvaltaren mottok ein telefon frå søker Ørjan Solheim den 3. september der denne viste til at han hadde nytta drone til filming innanfor grensa til nasjonalparken. Søker vart beden om å senda inn ein søknad slik at nasjonalparkstyret kunne handsame denne i eit styremøte.

Søknaden mottatt 3. september, viste til at søker den 1. september brukte drone inn til Møsevassbreen og var antatt 200 m på innsida av nasjonalparkgrensa.

Vurdering

Lovheimel:

Saka gjeld bruk av drone i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, § 48 i Naturmangfaldlova og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark.

Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 7.2. står det:

Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.

| | |
|---------------------|--|
| Nasjonalpark | Folgefonna Nasjonalpark |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer |
| Naturreservat | Langebudalen |



Under dette fell bruk av drone. Det er ikkje opning for å søkje om dette gjennom verneforskrifta og difor må saka vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

Vurdering etter naturmangfaldlova § 8-12

Det ligg ingen registrerte kartlegginger i naturbase eller i artskart for området. Dette er erfaringsmessig eit område der det vert observert rovfugl som kongeørn, tårnfalk, fjellvåk og ramn. Det er sannsynleg at dette er eit område som vert nytta til fødesøk for desse artane. På bakgrunn av desse kjeldene er kunnskapsgrunnlaget godt nok til å treffe eit vedtak i saka. Naturmangfaldlova (NML) § 9 er ikkje relevant.

Den samla belastninga (NML § 10) i området er forventa å auke i høve til dronetrygging. Det er ei dag eit område som er mykje nytta til opplevingar knytt til ski, padling og turar. Det er i tillegg fleire ynskje om å nytte drone til filming her. I dag er belastninga på naturmangfald låg men ein forventa auke kan føre til ein belastning for dette området som kan ha negativ verknad for naturmangfald.

Samla vurdering

Føremålet til nasjonalparken vist til i § 2 i verneforskrifta:

« *Formålet med nasjonalparken er å:*

- *ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggjande område med fjell og bre*
- *ta vare på verdfull vassdragsnatur*
- *sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar*
- *sikre viktige geologiske førekomstar*
- *sikre verdfulle kulturminne.*»

Bruk av drone kan setje desse omsyna til side, spesielt kan drone vera negativ for naturmangfald som ulike rovfuglar som held til i området. Det er utfordrande å konkretisera ein negativ verknad på naturmangfald. Difor må føre-var prinsippet leggast til grunn. For å sikre desse omsyna og kunne legge føre-var prinsippet til grunn er det utarbeida generelle retningslinjer for handsaming av dronesøknader, vedtatt av nasjonalparkstyret 12.09.2018.

Her er det vist til at søknader som er knytt til private turar med filmar for sosiale media og liknande ikkje bør få løyve. Bakgrunnen for dette er at det ikkje er grunnlag for å opne for ein dispensasjon med grunnlag i presedensfare og at det ikkje er grunnlag for å gje ein dispensasjon etter Naturmangfaldlova § 48, siden dette ikkje er i samsvar med intensjonen bak verneføremålet.

Det vil etter ei samla vurdering difor ikkje verta tilrådd å gje eit løyve til bruk av drone.



Oppfølging av brot på verneforskrifta

Siste tida har det kome fleire tilhøve på brot på verneforskrifta når det gjeld bruk av drone. I ei sak frå 2019 fatta nasjonalparkstyret vedtak om at det i ei konkret sak skulle informerast betre rundt rammene for bruk av drone. Det er i dag eit sjølvstendig ansvar for den som nyttar drone å setje seg inn i aktuelle regelverk. Samstundes bør det på enkelte lokalitetar der det ofte vert nytta drone, setjast opp skilt og informerast betre. Det er forvaltar si tilråing at ein fokuserar på å spreia informasjon om rammene for bruk av drone, før ein byrjar å følgje opp brot på verneforskrifta. Tilråinga frå nasjonalparkforvaltaren vil difor vera å ikkje anmelde dette tilhøvet.



Arkivsaksnr: 2020/11008-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 11.09.2020

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 37/20 | 24.09.2020 |

Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark -Tursti Hattebergfossen - bygging av turvei - utsiktspunkt

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev avslag på søknaden om å bygge tursti slik søknaden ligg føre i dag med heimel i Forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde § 3 1.3 g). Styret stiller seg positive til å oppgradere stien her og oppmodar søkjar om å tilpasse prosjektet til verneverdiane og komme tilbake med revidert søknad.


Saksdokument

- Søknad frå prosjektgruppa «Tursti Hatteberg»
- Prosjektskildring frå arkitekt Lars Berge, datert 20.12.2019


Søknaden

Det ligg føre ein fyldig søknad med prosjektskildring frå prosjektgruppa for tursti Hattebergfossen og forvaltar oppmodar om å sjå gjennom desse dokumenta. Hovudpunkta i søknaden blir henta ut under. Prosjektgruppa tursti Hattebergfossen har jobba i ei årrekke for å planlegge og finansiere ein oppgradering av turstien rundt Hattebergfossen. Baroniet i Rosendal er sett som ansvarleg søkjar og kjem difor frametter til å vere omtalt som søkjar. Kart som syner den planlagde stien er vist under. Stien er planlagt heilt ned til Omsbrua ved Baroniet, men forvaltar har valt å vise den delen av stien som kjem innanfor vernegrensa og som er det som kjem til å bli handsama i nasjonalparkstyret.


| | |
|---------------------|-------------------------|
| Nasjonalpark | Folgefonna Nasjonalpark |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen |
| | Ænesdalen |
| | Bondhusdalen |
| | Buer |
| Naturreservat | Langebudalen |



Den planlagte stitraseen er vist i gult og vernegrensa er vist i raudt. Skissa over stitraseen er basert på prosektskildringa til Lars Berge.



Oversiktskart som viser start/sluttpunkt for rundtur ved parkeringsplassen til Baroniet (oransje prikk). Startpunkt for den omsøkte oppgraderinga av stien ved Omsbrua og Fossberg er vist med gule prikkar. Stipla liner viser eksisterande stier.



Skissa over er henta frå prosjektskildringa til Lars Berge og inneheld ei oversikt over dei ulike teigene som er nemnde i søknad og prosjektskildring som gjeld tiltak innanfor Hattbergdalen landskapsvernområde. Forvaltar vil referere til desse nemningane i sakshandsaminga.



I hovudtrekk søkjast det om å få opparbeide ein turveg frå Fossberg, over Kalvatrebrua og ned forbi Hattebergfossen på sørleg side av elva. Det går eksisterande veg frå Fossberg til Kalvatrebrua og sti frå Kalvatrebrua ned forbi fossen og vidare ned gjennom beitemarka til Baroniet ned til Omsbrua og Rosendal. Stien går også umerkt vidare sørover langs elva frå Kalvatrebrua inn til Murabotn. Søkjar vil ruste opp eksisterande veg og sti og delar av strekninga vil dei ruste opp slik at han vert framkommeleg med hjulgåande køyretøy (som rullestol, barnevogn e.l.). Stien er tenkt som ein del av ei rundløype, der start og stopp ligg på Baroniet sin parkeringsplass. Framkomme frå parkeringsplassen går på offentleg veg fram til Fossberg og på privat grusveg fram til Omsbru.

Arbeidet skal ta føre seg terrengarbeid og landskap i samband med gangvegen, grindar og gjerder, samt bålplassen, møblering og info. Ein god del av arbeidet bør gjerast "i felt". Dvs. på synfaring og i dialog med utførande og brukarar. Slik sett vil ein del av arbeidet bestå av å samordna interesser og finna gode løysningar på staden. I tillegg vil ein gjerne understreke dette med heilskap i arkitektonisk grep som viktig. Sjølve utforminga av pauseplassar og bålplassen lyt vere praktisk, varig, trygg og vakker, men me bør ta mål av oss til å forma ei oppleving som styrkjer og reindyrkar staden sin eigenart. Eit anlegg de kan verta stolte av og glade i, og som på alle vis heng godt saman omgjevnadane. Form fylgjer funksjon, men ei god løysning ser også bra ut. Mest mogeleg bruk av stadeigne materialar er alltid bra.

Prosjektgruppa er kjend med at Folgefonna nasjonalparkstyret har i sitt framlegg til besøksstrategi, vist til at det skal utarbeidast ein nærsti med informasjon om landskap og bruk av området rundt Hattebergfossen. Ein ser dette som eit godt tiltak som legg til rette for samarbeid og gode heilskaplege løysningar for begge partar.

Søkjar viser til verneforskrifta og seier dei har vurdert alternative trasear. I største delen av området vil ein nytte eksisterande stiløp og vegar. For strekninga Kalvatrebruo-Fosseplassen (teig 2 på kartet) er det planlagt ein ny trasé nære elva.

Søkjar planlegg å bruke mest mogleg stadeigne massar til bygging av stien og kommunen søkjer i eigen søknad om å ta ut massar frå elva til å opparbeide sti. Søkjar ønskjer også å flytte på større stein i nærområdet langs stien for oppbygging, plastring og "møblering".

Ålmenn tilgjenge

Grad av tilrettelegging har vore eit viktig tema for søkjar. Universell utforming har etter forskrifta strenge krav som vanskeleg går i hop med andre krav (omsynssone, verneforskrift osv.) Derfor har ein landa på eit kompromiss som gjer det mogeleg å bevega sett langs dei flate partia på eit fast grusdekke, sjølv med rullestol, barnevogn eller rullator. Likevel er det tenkt at kantar, overgangar og osv. skal respondere på omkringliggjande terreng, ved at ein let gras vandre inn i grusdekke, stadeigne steinar frå vere med å snevre inn vegen osv. Sjølve breidda på vegen/stien har også vore under diskusjon. For å kunne ha ei nokolunde rasjonell anleggsmessig gjennomføring, treng ein breidde som kan handtere ei lita gravemaskin og traktor med hengar. Eit slikt tverrsnitt vil bli kring 2,4 meter. Kantane skal leggjast att og det skal tilretteleggjast for re-vegetering inn i grusdekket. Føremon med ein såpass "brei" sti er at grupper kan møtast, og det er tilkomst for køyretøy dersom ein i somme høve lyt føreta vedlikehald. Dette gjeld både for stien i seg sjølv, eller for kulturlandskapet i kring.



Det er ønskeleg for grunneigarane å få styrt straumen av turgåarar med god skilting og merking for å unngå konflikter med beitedyr. Søkjar ønskjer difor også å etablere naudsynte grinder og gjerder i samråd med grunneigarane. Stien kan også støtte aktiv drift i kulturlandskapet.

Oppgradering av stien rundt fossen vil vere til glede både for grunneigarar og turgåarar og har potensial til å bli ein internasjonal turattraksjon. Å oppleve den naturlege elva fossen under Malmangernuten er gilde opplevingar for turistar som ikkje er vane med slikt frå heimlandet. Store delar av stien vert også tilgjengeleg for rullestolbrukarar og er eit fint bidrag til folkehelsearbeidet.

Oppsummert

Slik prosjektgruppa ser det, vil det vere fleire føremoner enn ulemper med tiltaket. Ein trekkjer fram fylgjande hovudpunkt.

Tiltaket er tufta på ein tanke om vern og vil framstå som ei "varsam tilrettelegging".

Kanalisering av trafikken hindrar erosjon og reduserer konflikt mellom friluftsliv og beite / jordbruk. Tilgjenge til denne delen av landskapet, vil med god informasjon auke forståinga av grunnlaget for nasjonalparken og landskapsvernområdet. Vidare vil det leggje til rette for auka eigarskap til- og forståing for naturvern i liten og stor skala. For lokale og tilreisande, uavhengig av fysiske føresetnader, vil ein rundtur opplevast som eit gode som gjev positive vinst for næringsliv og reiseliv såvel som for folkehelsa generelt.

Lovheimel

Det omsøkte prosjektet ligg delvis innanfor vernegrensa til Hattebergsdalen landskapsvernområde, difor må søknaden vurderast etter verneforskrifta som blei vedteken i 2005. Under følgjer dei reglane i forskrifta som er relevante for tiltaket.

§ 2. Formål

Formålet med Hattebergsdalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet*
- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald*
- sikre verdfull vassdragsnatur*
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne.*

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

§ 3. Vernereglar

1. Landskapet

1.1 Inngrep i landskapet

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unnatak som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det generelt forbod mot inngrep som vegbygging, (...) graving og påfylling av masse, boring og sprenging, (...) fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking,



nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, (...) bygging av bruer og klopper, Oppsetting av skilt, merking av stiar og turløyper og liknande. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømande

- 2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:
 - c) Vedlikehald av veg i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7 og mindre uttak av grus i eksisterande grustak der dette er nødvendig for slikt vedlikehald.
 - d) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7
- 1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
 - g) Merking og opparbeiding av turstiar

Forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark og dei kringliggande landskapsvernområde vart vedteke i 2011 og inneheld avklaringar og retningslinjer for forvaltinga av verneområda. Nokre relevante punkt frå forvaltningsplanen er vist til under:

Verneverdiane i landskapsområda er mykje dei same som i nasjonalparken (sjå forvaltningsplanen kap. 5.2), men delar av landskapsvernområda omfattar i større grad òg område som er kulturpåverka. Vern av plante- og dyrelivet er mykje det same i landskapsvernområda som i nasjonalparken. Skilnaden går fyrst og fremst i kva som er eller kan vere tillate av tekniske inngrep. I nasjonalparken er alle tekniske inngrep i utgangspunktet forbodne, medan det i landskapsvernområda er forbod mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin karakter.

Friluftsliv og reiseliv/turisme

Hattebergsdalen ligg nært tettstaden Rosendal, som i alle fall i sommarhalvåret har god tilstrøyming av turistar. Mange av dei tilreisande kjem for å sjå Baroniet, men mange er også ivrige friluftsfolk. Det er ikkje urimeleg å tru at tilstrøyminga av friluftssinteresserte turistar vil auke med åra, og Hattebergsdalen vil då kunne verte ein endå viktigare innfallspurt enn han alt er.

Mange av turane med utgangspunkt i Rosendal vil vere dagsturar, og ikkje alle har høve til å nytte dei merkte turløypene mot fjellet. Muradalen er lett tilgjengeleg, og denne delen av landskapsvernområdet kan gjerast meir attraktiv for turbruk enn tilfellet er i dag, sjølv med små grep, som betre skilting, parkeringsforhold og inngjerding av beitedyr, utan at dette bryt med verneføremålet.

Mål

Å leggje til rette for utvikling av området i reiselivssamanheng, med hovudvekt på friluftsbukarar og naturinteresserte som ikkje treng motorisert transport eller tyngre tilrettelegging.

Utfordringar

Utvikle potensialet for turbrukarar, t.d. ved å rydde alternativ turveg i Muradalen. Å betre informasjonen om turpotensialet i området. Å sjå til at turaktiviteten ikkje kjem i konflikt med etablerte aktivitetar i området, som t.d. husdyrhald.

Retningslinjer

- Aktivitetar skal ikkje kome i konflikt med verneføremålet.



- *Å ta vare på naturen og kulturlandskapet er overordna tilrettelegging for friluftsliv.*
- *For å setje opp skilt og annan utandørs informasjon skal ein ha løyve frå forvaltingsstyresmakta, og det må vere avklåra med grunneigar.*
- *Skilt som ikkje har med merking av stigar og løyper eller anna som har med sikring av ferdsel å gjere, skal setjast opp utanfor vernegrensa.*
- *Vedlikehald av merkte stigar, skilt, bruer og løyper er tillate. Slikt vedlikehald skal følgje desse retningslinene:*
 - *Merking av eksisterande, merkte ruter treng ikkje løyve etter vernereglane.*
 - *Vegvisarar skal lagast i naturmateriale der det er mogleg. Vardar og anna merking skal skje på ein måte som er vanleg i området.*
 - *Merking av fotruter skal følgje DNT-standard, men det er ynskjeleg at ein nyttar minst mogleg måling og raude T-ar.*
 - *Ein må ikkje gjere skade på kulturminne når ein merkjer ruter. Raudmåling skal aldri brukast på kulturminne.*
 - *Bruer og klopper skal haldast ved like i samsvar med lokal/tradisjonell byggjeskikk. Nye bruer og klopper kan byggjast etter søknad til forvaltingsstyresmakta, jf. 1.3 f. Ein treng ikkje søkje om å byggje opp att godkjende bruer og klopper som er borte, til dømes på grunn av flaum.*
 - *Tiltak for friluftsliv som medfører fysiske inngrep, skal helst leggjast utanfor verneområdet. Eit unnatak er restaurering av bruer langs vegen til kraftstasjonen og over Hattebergselva.*

Oppfølgjande tiltak

Langs vestsida av Hattebergselva kan det opparbeidast ny turstig, etter at trasé er avklåra med forvaltingsstyresmakta. Ein føresetnad er at turstigen kan nyttast som ei rundløype saman med den eksisterande grusvegen, men det skal ikkje leggjast opp til turbruk med hest eller sykkel.

Besøksstrategien legg føringar for korleis ein handterer besøkande til verneområda og har blant anna desse måla for besøksforvaltninga:

- *Ta vare på verneverdiane i verneområda og natur- og kulturverdiane i randsona*
- *Gje dei besøkande ei god oppleving*
- *Oppleving av landskapet skal ikkje bli skjemt som følgje av auka bruk*
- *Besøkande skal få gode opplevingar i verneområda som er tilpassa deira ønskjer og forventingar*

I tillegg er det formulert nokre strategiske grep for å nå måla i besøksstrategien der blant anna:

«Tiltak for å legge til rette og informere skal haldast utanfor eller nært inn til grensene for verneområda og helst i nærleiken til eksisterande næringsverksemd som kan tilby varer og tenester til dei besøkande.»



Vurdering

Saka gjeld etablering av sti og rasteplassar innanfor Hattebergsdalen landskapsvernområde. Verneforskrifta § 3 1.3 g) opnar for å gje løyve til merking og opparbeiding av turstiar i landskapsvernområdet. Føresetnaden for å gje løyve er at tiltaket ikkje påverkar landskapet sin art og karakter i nemneverdig grad.

Kunnskapsgrunnlaget om området er godt og er basert på forvaltingsplanen for Folgefonna frå 2011 og bakgrunnsrapportane frå verneprosessen om botanikk, dyreliv og landskap, så vel som brukarundersøkinga frå 2018 og den enno ikkje vedtekne besøksstrategien. Styret må også vurdere alternative plasseringar, kva som er mest miljøvenlege tiltak og drift og i kva grad tiltaket kan få presedensverknad i andre verneområde.

Generelt

Vi kjenner ikkje til kor mange som nyttar stien rundt Hattebergfossen per i dag, men han er truleg godt besøkt. Dalbotnen i Hattebergsdalen er eit lågterskel turområde i nær tilknytning til Rosendal sentrum og mykje nytta både av lokale og tilreisande. Stien langs Hattebergfossen har vore utan nokon form for tilrettelegging til no og går i til dels fuktig terreng. Traseen er prega av utvasking i bratte parti. Fram til fossen i nedre kant går det ein enkel driftsveg frå gammalt av.

Forvaltar meiner det er veldig positivt å kanalisere ferdsel i dette området. Det er mange omsyn å ta, med stort trykk frå gåande og moglege konflikhtar med landbruksdrift og dyr på beite. Det er også veldig positivt at grunder og gjerder blir oppgraderte og tenkt løyst på ein meir heilskapleg måte. Det er tenkt ei felles utforming på alle grunder og gjerder og innhegningar på heile stistrekket, dette er veldig positivt og vil gjere området meir attraktivt og tilgjengeleg for turgåarar. For å sikre ein god kvalitet på opparbeiding av stien her bør alle grunder og gjerder utførast i høg kvalitet og med fokus på å halde lenge. Når det gjeld framkomme så er prinsippet i verneområde at tilrettelegging for å lette framkomme ikkje skal påverke verneføremål eller verneverdiar. Det må nemnast at Hattebergsdalen allereie er eit landskapsvernområde som er uvanleg lett tilgjengeleg for alle typar menneske då det går ein bilveg langs heile dalbotnen. Det er få andre verneområde i landet med ei så høg grad av tilgjenge. Forvaltar meiner eit auka fokus på å legge til rette innfallsportane og informasjonspunkta for alle menneske vil betre opplevinga av verneområdet.

Søklar vil nytte mest mogleg stadeige massar, men vil også at veg og utsiktspunkt skal grusast. Tilført grus vil gje eit tydeleg brot mot landskapet elles og er ikkje ønskjeleg der det ikkje er eksisterande veg. Betong vil vere eit vesentleg framandelement her kor det er så lite andre menneskeskapte material. Søklar planlegg å bruke mest mogleg stadeigne massar til bygging av stien og kommunen søkjer i eigen søknad om å ta ut massar frå elva til å opparbeide sti. Hattebergselva er eit varig verna vassdrag og alle inngrep som påverkar elva eller nedbørsfeltet i vesentleg grad må på ein høringsrunde eller handsamast av Noregs vassdrags- og energidirektorat alt etter kor store inngrepa er. Sjølv søknaden om uttak av massar er difor sett på vent inntil vidare sidan søklar treng ein detaljert oversikt over behov for uttak og i kva tidsrom uttaket skal skje.

Hattebergsdalen er eit spesielt verneområde når det kjem til eksisterande inngrep og tilrettelegging. Inne i verneområdet går det ein open bilveg og det er eit kraftverk inst i Muradalen, med tilhøyrande tekniske installasjonar som dammar og vassinntak i vassdraget ovanfor og ei røyrgate for drikkevatt som er nedgrave langs heile vegstrekket ut dalen. Dette



fører med seg ein del eksisterande infrastruktur. Sjølve kraftverket vart oppgradert og i samband med den prosessen vart det gjort masse tiltak for å gjere bygget meir estetisk tilpassa landskapet. I tillegg har straumen frå kraftverket no blitt lagt i kabel i vegen i staden for master langs dalen. Hattebergsdalen er difor eit landskapsvernområde med eit stort preg av tekniske inngrep. Alle desse inngrepa har til no vore lokalisert på nordsida av elva. Dalen har på sørsida av elva vore svært lite prega av større tekniske inngrep sidan vernetidspunktet. Slik vil det også vere ønskjeleg å halde det. Dette er ekstra viktig sidan dalbotnen er så prega av tekniske installasjonar og uopprettelege inngrep på nordsida av elva.

Bruk av sykkel er berre tillate langs vegen inn til Kraftverket i Hattebergsdalen landskapsvernområdet i følgje vernereglar og forvaltingsplan. Den graden av tilrettelegging som her er planlagt vil gjere området veldig ope for sykkistar og vernereglane kan bli vanskelegare å handheve her.

Retningslinene frå forvaltingsplanen legg opp til at all skilting med informasjon skal gjerast utanfor verneområdet, mens skilting som går på merking av stiar og sikring av ferdsel kan gjerast der det er naudsynt innanfor vernegrensa. Skilta må då vere tilpassa retningslinene i forvaltingsplanen.

Under er dei ulike teigane og plassane vurderte kva for seg. Dette fordi dei ulike strekka krev ulik grad av tilrettelegging og har ulik effekt på verneverdiane.

Teig 1 Fossberg-Kalvatrebrua

Denne delen av traséen er tenkt verande slik han er i dag, med enkle oppgraderingar av vegdekke. Forvaltar meiner dette vil vere eit enkelt inngrep med lite innverknad på verneverdiane. Traktorvegen er allereie opparbeidd og i bruk i landbruksdrift og ein oppgrusing vil ikkje føre til ytterlegare inngrep i landskapet. Ein bør velje eit grusdekke her som harmonerer mest mogleg med landskapet kringom og eksisterande vegar. Brua vart opprusta etter ein flaum i 2017/2018 og det vert sett på som positivt at søkjar vil oppgradere rekkverk og brudekke.


Plass 1 Grussplass ved Bruo

Her er det teikna inn ein plass på 200 kvm som skal ha mange funksjonar. Her er det tenkt å ha ein benk med informasjonsskilt, samlegjerde for sau og ein plass der ein kan køyre med landbruksmaskinar. Arealet her sør for brua vart utvida noko ved arbeidet med å vøle på brua og er no gjerda inn med eit mellombels gjerde. Elles er området lite opparbeidd og det er berre flytta unna stein for å gjere det framkommeleg med traktor. Det vil vere positivt å gjere enkle tiltak som å heve terrenget noko mot brua for å lette framkome og andre forsiktige terrengendingar. Nye grinder og gjerder er også veldig positivt her for å minske konfliktane mellom husdyr og turgåarar. Forvaltar er ikkje einig i at plassen treng grusast for å lette landbruksdrifta her og meiner at ein naturleg revegetering av det naturlege dekket på plassen vil vere tilstrekkeleg for å få fram landbruksmaskinar. Når ein gjerder inne plassen her mot husdyr vil ein unngå ein del gjødsel og det tek lang tid før plassen vert dekket av jord. Grøfting rundt plassen kan også vere naudsynt med søkjar må her vere merksam på at eit slikt tiltak vil krevje høyringsinnspel frå NVE då Hattebergsvassdraget er varig verna.

Prosjektgruppa har teikna inn ein benk ved elva her. Forvaltar har ingen motføresegner mot ein slik benk. Benken bør vere tilpassa terrenget og i naturmateriale (stein eller naturfarga treverk).



Plassen ved Kalvatrebrua slik han ser ut i dag. Bilete er teke frå sida av brua og innover dalen (sjå skissa under).



Skisse over Kalvatreplassen slik han er tenkt. Ein stor grusa plass med eit samlegjerde på sida (stipla linje).



Teig 2 Kalvatrebrua-Fosseplassen

Dette strekket er i dag lite prega av tekniske inngrep og vil difor vere det mest avgjerande strekket når det gjeld å ta vare på verneverdiane, landskapets art og karakter. Det vil vere vanskeleg å opne for å bygge ein veg i denne breidda med utgangspunkt i føremålet med å ha tilgjenge for enkelt friluftsliv. Vernereglane er tydelege på at tilgjenge for ålmenta skal vere tufta på liten grad av teknisk tilrettelegging. Forvaltar meiner 2,4 meters breidd er for breitt. Her må ein ta omsyn til terrenget i stor grad. Det er ikke ein naturleg flate utan store steinar i ei slik breidde heilt fram til Fosseplassen, og dette vil endre inntrykket av landskapet her i stor grad.

Dei aller fleste vil kunne komme seg fram her med dagens nivå av tilrettelegging og vi vil komme langt med ein enkel sti i normal breidde og god drenering av våte område. Ein slik enklare variant av ein sti vil heller ikkje krevje store mengder med tilført materiale eller andre irreversible inngrep. Etter § 12 i naturmangfaldlova skal ein alltid vurdere kva driftsmetodar, teknikk og lokalisering av eit inngrep som vil ha minst påverknad på naturmangfaldet. På denne strekka er det planlagt å lage ein 2,4 meter brei veg, drenert og grøfta, med eit fast grusdekke. Dette vil medføre store inngrep lokalt ved at massar må gravast opp, flyttast og bli tilført. Ein slik grad av tilrettelegging er ikkje i tråd med verneføremålet og bør revurderast.

Plass 2 Fosseplassen

På fosseplassen er det tenkt ein stor benk i betong med over 7 meter i diameter, grusa plass og ein bålplass i betong. Fossen vert nemnt som den største attraksjonen langs stien og utsikten herifrå er slående. Difor er det viktig at all infrastruktur her ikkje kjem i konkurranse med inntrykket av sjølve fossen og landskapet rundt. Fossen er også eit veldig synleg landskapselement frå store delar av Rosendal. Det er difor også viktig at eit kvilepunkt her ikkje konkurrerer med fossen. Nasjonalparkstyret har bidratt med midlar for å sikre at fossen skal vere godt synleg ved å hogge vekk granskogen som sperra for delar av utsikten.

Å grave opp røter og lausmassar for å etablere ein veldrenert plass vil og skape masse uopprettelege inngrep her. Forvaltar forstår ønskje om å etablere ein tørr utsiktsplass/rasteplass, men det er viktig å ikkje gjere store uopprettelege endringar i landskapet rundt fossen då fossen er eit så viktig element i landskapsvernområdet.

Tilrettelegginga bør leggast på eit anna nivå for å vere tilpassa landskapet og mest mogleg naturleg. Ein slik utforma rasteplass kunne vore naturleg i tilkomsten til eit verneområde, til dømes i tilknytning til ein parkeringsplass der det er større grad av menneskelege tilførte materialar og eksisterande infrastruktur. Forvaltar er skeptisk til å gjere rasteplassen til ein attraksjon i seg sjølv, då dette må vere ein type tilrettelegging som bør ligge utanfor verneområda. Her er det landskapet og dei naturlege elementa som skal stå i førarsetet og skape dei gode opplevingane. Forvaltar meiner ein utsiktsplass her må løysast på andre måtar som krev mindre endring av landskapet og mindre uopprettelege inngrep.



Illustrasjonen syner Fosseplassen slik han er tenkt frå søkjar sin side. Forvaltar meiner ein slik grad av tilrettelegging er noko som høyrer heime utanfor verneområda.

Teig 3 Bratta langs fossen

Stien her i dag bér preg av å ligge i bratt terreng og av granskogen som vaks her. Det er bar jord og mykje av stien er djupskoren og tung å gå i på grunn av regnvatn som har erodert i stiløpet. Her er det planlagt å bygge ein sti på om lag 2 meters breidd på omtrent same plassering som dagens sti. Stien er tenkt grusa og plassert med minst mogleg stigning, alle skjæringar skal plastrast med stadeigen stein, med grøfter og eventuelt kloppar over vassig. Hogstavfall skal ryddast og alle kantar skal revegeterast for å hindre erosjon. Forvaltar meiner søkjar her legg seg på eit inngrep som er i overkant stort. Det er eit godt tiltak å legge til rette ein sti som vil tôle tidas tann i det bratte terrenget med mykje nedbør. Men ein veg på to meter breidde her vil krevje djupe skjeringar og store inngrep. Mykje av problema vil kunne løysast med å velje ein smalare stitrasé, då kan ein også nedskalere dei negative effektane inngrepet vil ha på omgjevnadene. Forvaltar ser det også som lite ønskeleg å gruslegge stien her og meiner ein vil oppnå ein meir varig sti ved å bruke naturlege masser eller eventuelt steinlegging.

Plass 4 Info under fossen

Dette er plassen med best utsikt mot fossen og overgang mellom flata fram til fossen og bratta opp langs fossen. Her vil besøkande oppleve ein god kontakt mot fossen og kjenne fossedreven på dagar med høg vassføring. Søkjar ønskjer å etablere ein drenert plass med ein sirkulær betongbenk 5 meter i diameter i same utforming som på Fosseplassen. Plassen skal reinskast for røter og lausmassar. Om ein kjem frå Omsbru er dette første møtet med landskapsvernområdet og det er viktig at naturverdiane får spele hovudrolla her. Eit tiltak med enkel tilrettelegging i form av ein benk vil likevel ikkje vere eit like synleg landskapselement her som på Fosseplassen. Forvaltar meiner ein bør tilstrebe minst mogleg terrengendrande inngrep og mest mogleg bruk av material som ein allereie finn i nærområdet, naturstein og tre. Når det gjeld informasjon kan ein vurdere å opne opp for noko enkel informasjon om fossen og omgjevnadene her.



Utsynet frå nedsida av fossen er vakkert og historisk. Dette er inngongen til landskapsvernområdet og vassdragslandskapet i dalføra innanfor.

Teig 5 Grinda-Bratta

Her går det i dag ein sti og delvis gamal vegtrase, forvaltar kjenner ikkje breidda på dagens sti. Det er mykje vatn i overflata frå vassig og relativt tett skog med blanding av lauvtre og ung gran. Søkjar vil her lage veg med standard for universell utforming og i 2,4 meters breidd og 80 meter lang, der dei første 60 meter er innafør vernegrensa. Vegen skal vere gruslagt og med grøft langs eine sida med stikkrenner. To stader er det naudsynt med klopp eller å føre bekk i røyr under vegen. Forvaltar meiner stien her bør løysast mest mogleg ved eksisterande trasé. Det kan vere mogleg å vurdere ein sti tilpassa rullestol fram til utkikkspunktet under fossen (plass 4) om ein klarer å avpasse inngrepa slik at dei ikkje påverkar verneverdiane og landskapet her negativt. Vesentlege punkt her vil vere breidda på vegen og materialbruken.

Utanfor verneområdet

Stien fortsett frå vernegrensa og vestover mot Omsbrua. Heile dette strekket av stien ser forvaltar på som ei godt tilrettelagt innfartsåre til Hattebergsdalen og Folgefonna. Her vil det vere lett tilgjenge inn i verneområdet frå ein stor tilrettelagt parkeringsplass (Baroniparkeringa). All tilrettelegging her er i tråd med føringane frå Forvaltingsplan og



Besøksstrategi om å halde dei store inngrepa utanfor verneområdet. Det vil også vere gode moglegheiter til å etablere informasjonspunkt langs stien her som kan informere om landskapet og verneverdiane. Sjølv sagt må all tilrettelegging her vere i tråd med dei føringane som gjeld for det verna kulturlandskapet ved Baroniet.

Konklusjon

Forvaltar ser det som positivt at det vert teke initiativ til å kanalisere ferdsla rundt Hattebergfossen og nytte området som eit lågterskel turtilbod med store opplevingskvalitetar, både knytt til kulturlandskapet rundt Baroniet og landskapsvernområdet. Ein enkel tilrettelegging som i større grad viser omsyn til verneverdiane og med mindre uopprettelege inngrep vil gjere området attraktivt som ein inngangsport til Hattebergdalen landskapsvernområde. Slik vil naturkvalitetane framleis vere i hovudsetet.



Arkivsaksnr: 2020/12839-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 01.09.2020

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 38/20 | 24.09.2020 |

Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - nydyrking - Kvinnherad - 87/12 - Hattebergdalen

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre avslår søknad om nydyrking i Hattebergdalen landskapsvernområde med heimel i forskrifta og naturmangfaldlova § 48.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad frå Endre Mehl med kart
- Skriv frå Kvinnherad kommune ved landbrukskontoret
- Utskrift frå jordregisteret frå 1955 frå gnr/bnr 87/12
- Notat Arealbehov og inntekt etter antall dyr

Søknaden

Endre Mehl søkte i e-post datert 21. august 2020 om løyve frå Folgefonna nasjonalparkstyre til å nydyrke eit areal på gnr 87/12 innanfor Hattebergdalen landskapsvernområde, Kvinnherad.

Søkjjar er ikkje grunneigar, men ønskjer å ta over og utvide drifta på garden på sikt. For å lukkast med dette økonomisk i framtida er ein avhengige av ein god tilgong på grovfôr. I dag vert det drive med villsau på garden. Garden har i dag lite dyrka mark. Det er søkt om å få

| | |
|---------------------|---|
| Nasjonalpark | Folgefonna Nasjonalpark |
| Landskapsvernområde | Hattebergdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer |
| Naturreservat | Langebudalen |



dyrke opp eit areal på 37,5 dekar i Hattebergdalen. Det er lagt ved kalkyler for lønsemd for drifta med og utan nydyrking.

Søkjar er i prosess med å bygge opp ein besetning ammekyr. Areala i Hattebergdalen vil ha ein mykje større verdi for søkjar om delar av arealet vert omgjort til dyrka mark. Det er tilgongen på dyrka mark og grovfôr som set avgrensingar for drifta på bruket. I dag er garden av ein slik storleik at det ikkje er forsvarleg med noko nemneverdig drift. Dette ønskjer søkjar å forandre slik at det for framtida blir interessant med drift på garden. Søkjar viser også til nydyrkinga som er gjort på nordsida av elva.

I kartskissa peikar søkjar på kva areal som er gunstige å dyrke opp og areal som tydeleg har vore overflatedyrka tidlegare, truleg frå 1920 til 1930. Dette er areal utan stein i dagen, og det er tydelege røyser med stein som tyder på dyrking. Søkjar ønskjer å sy saman desse areala som er overflatedyrka til eitt areal.

Hovudarealet som er merkt opp har slak stigning, noko som gjer at det ikkje er behov for større terrengforandringar, og søkjar vil la terrenget vere tilnærma som i dag. Planen er å fjerne overflatestein utan å endre terrenget. Stein som blir fjerna ved oppdyrking vil bli nytta for å løfte terrenget nokre plassar slik at det ikkje er mogleg for elva å komme inn på marka ved høg vassføring. Dette vil også verke positivt for førebyggjande flaumtiltak på denne sida i elva. Dyrkingsstein kan også nyttast til planlagt natursti i området. Det vil ikkje bli unaturlege overgangar i terreng.

Alle areal som vert berørte vil bli jordkledde slik at det raskast mogleg vil reetablere seg. Det kjem også ned nokre mindre flaumbekker som kryssar marka i dag. Desse vil bli handtert med grøft og til slutt røyr som fører vatnet til elva.

Stien som kryssar området i dag er tenkt flytta lenger opp og opparbeidd slik at det blir ein god sti for turgåarar.



Figur 1: Kart som syner omsøkte areal. **Grøn skravur** syner område som søkjar vil dyrke opp. **Gule område** er tidlegare overflatedyrka areal som truleg var slått/rydda i 1920-1930. Areala er nærare omtalt i teksten.



Lovheimel

Saka gjeld nydyrking i Hattebergsdalen og må difor vurderast etter forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde frå 2005.

Føremålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar. Området viser ein heilskap i natur og landskap frå dalbotnen og opp mot høgfjellet. Vernet skal også sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald, ta vare på verdfull vassdragsnatur, kulturlandskap og kulturminne. Føremålet er vidare å sikre at ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Området er verna mot inngrep som vesentleg endrar karakteren til landskapet og det er generelt forbod mot t.d. graving og påfylling av masse, boring og sprenging, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i lufta og i jorda, bygging av bruer og klopper med meir.

Skjønnsrommet for å gi løyve til nydyrking i verneområdet er svært snevert. Verneforskriftene har ikkje ein spesifikk heimel som opnar for at nasjonalparkstyret kan gi løyve til nydyrking. Søknaden må difor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova, som seier at forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane ved nokre høve og berre om det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde som kan påverke natur, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

Frå forvaltingsplanen

I nedre delar (sjølve Muradalen) er landskapsvernområdet til dels sterkt prega av lang tids landbruksdrift, og kulturlandskapet er ein viktig estetisk kvalitet ved verneområdet. I dag dreiar landbruksdrifta seg i hovudsak om beiting, og ingen av driftsbygningane i verneområdet er i aktiv bruk. Beiteareala er likevel lett tilgjenge pga. grusvegen i dalbotnen.

Hattebergsdalen skal halde oppe funksjonen sin som ein mykje nytta innfallsport til fjellmassiva innanfor. Saman med mektige fjell utgjer den varig verna Hattebergselva eit sentralt og viktig landskapstrekk.

Mål

Kulturlandskapet i nedre delar av verneområdet skal haldast i hevd utan nemnande nye tekniske inngrep.

Den elvenære skogen er eit viktig landskapstrekk som òg bør få utvikle seg mest mogleg naturleg.



Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite er tillate, jf. pkt. 1.2 f i vernereglane. Av omsyn til biologisk mangfald bør ein unngå gjødsling av utmarksbeita. Område som tidlegare har vorte gjødsla kan likevel gjødslast etter same praksis som ved vernetidspunktet, men ein bør ikkje byrje å gjødsle nye område.

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til å rydde nytt innmarksbeite, jf. pkt. 1.3 e i vernereglane. Område som tidlegare ikkje har vorte gjødsla skal ikkje gjødslast. Elvenær gråoeskog skal ikkje hoggast. Med elvenær meiner ein her arealet mellom grusvegen og elva, og eit belte på 75 m frå elva på motsett side. Dette gjeld også døde tre langs elva.


Frå Konsekvensutgreiing om landbruk i Folgefonna, frå 2003

Jordbruksverdiane i dette området er i hovudsak knytt til store areal med innmarksbeite samt noko dyrka mark. Det er ikkje driftsbygningar i aktiv bruk innafor arbeidsgrensa. Konsekvensane for drift av innmarksbeite i eit landskapsvernområde vil på kort sikt vera små. I samband med jordskifte har nokre av gardbrukarane i området fått tildelt dyrkingsteiger i den delen av området som nå er innmarksbeite. Ingen av desse har nytta seg av det enno, men vert det aktuelt vil det truleg vera i strid med verneføresegnene.


Vurdering

Hattebergsdalen landskapsvernområde vart oppretta for med anna å verne om verdifulle kulturlandskap og kulturminne, og det er i følge forvaltningsplanen eit mål at kulturlandskapet i nedre deler av dalen skal haldast i hevd utan nemnande nye tekniske inngrep. Kunnskapsgrunnlaget i området er godt, basert på forvaltningsplanen og utredningar om botanikk, fauna og landskap gjort i samband med verneprosessen. Hattebergsdalen landskapsvernområde er totalt 15,4 km². I dalbotnen er det i dag 17 dekar fulldyrka mark og 22 dekar overflatedyrka mark. Det meste av dette var dyrka opp allereie på vernetidspunktet. I tillegg er det om lag 450 dekar registrert som innmarksbeite. Tiltaket krev også løyve etter reglane i nydyrkingsforskrifta, som handsamast av kommunen. Nydyrkingsforskrifta stiller krav om at all nydyrking må skje utan vesentleg påverknad av naturmangfald eller andre viktige miljøomsyn.

Søkjjar og Kvinnherad kommune ved landbrukskontoret viser til at delar av det omsøkte området har vore rydda og slått tidlegare. Det er nokre steingardar og rydningsrøyser som kan tyde på det. I forvaltninga av verneområde er det eit viktig prinsipp at all arealbruk blir sett opp mot bruken på vernetidspunktet. Om det ikkje var ein etablert eksisterande drift på vernetidspunktet så kan ein ikkje starte opp att utan at effekten på verneverdiane blir vurdert. Flyfoto frå 1963, 1993 og 2013 vist under syner ein kontinuerleg tilstand på området før vern og etter vern.



Flyfoto frå 1963



1993



2013 (etter området vart verna i 2005)

Området som er søkt oppdyrka er i dag naturbeitemark med gras og spreidde tre og buskar på eit relativt tjukt lag med lausmassar. Desse lausmassane er ei blanding av botnmorene, elveavsetningar og rasmassar. Det er mykje stor stein spreidd i massane. Dette gjer eit særprega landskap, som før jordbruket tok til har prega store delar av låglandet i Rosendalsområdet. Etter kvart som jorda har vore dyrka har stein blitt rydda i gardar og røyser. Å ta vare på denne landskapsforma i låglandet er eit viktig føremål med vern av landskapsvernområdet. Søkjar vil fjerne overflatestein og nytte denne til enkle terrengjusteringar og heve terrenget noko mot elva. Dette vil endre landskapet her i vesentleg grad og kan ikkje seiast å vere i tråd med vernet. Oppdyrking og påfølgjande gjødsling av jorda vil endre heile landskapspreget i inngongen til Hattebergsdalen, i eit område elles prega av naturprosessar og tradisjonell beitedrift. Landskapet i området er i dag prega av ein delvis open naturbeitemark med spreidde tre. Dalen har på sørsida av elva vore svært lite prega av større tekniske inngrep sidan vernetidspunktet. Slik vil det også vere ønskjeleg å halde det. Dette er ekstra viktig sidan dalbotnen er så prega av tekniske installasjonar og uopprettelege inngrep på nordsida av elva. Forvaltar meiner tiltaket er i strid



med vernevedtaket sitt føremål om å bevare viktige kulturlandskap fordi naturbeitemark med store naturkvalitetar vil bli omgjort til dyrka mark.

Det er ikkje heimel i verneforskrifta for Hattebergdalen til å gje løyve til nydyrking i landskapsvernområdet, men forvaltingsstyresmakta kan vurdere dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova. Det er sett to vilkår for dispensasjon etter regelen, og begge vilkåra må vere oppfylte for at ein kan gje dispensasjon:

- 1) Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.
- 2) Tiltaket må ikkje vera i strid med vernevedtaket sitt føremål.

At tiltaket ikkje skal påverke verneverdiane nemneverdig inneber at rommet for å gi løyve er snevert. Dispensasjonsregelen kan ikkje brukast for å utvide rammene som er trekt opp i vernevedtaket. § 48 er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette tilfelle eller spesielle/særlege tilfelle som ikkje vart vurdert ved vernetidspunktet. I forskrifta er det berre opna for å gi løyve til rydding av innmarksbeite etter søknad. Eit slikt løyve krev ingen endringar i terreng eller flytting av steinar, men vil opne for å hogge vekk skog, gjerde inn og tilsvarende tiltak.

Hattebergselva er eit verna vassdrag og det eigne føringar for kva ein kan gjere av tiltak grensande til eit verna vassdrag. Alle tiltak som vil påverke korleis vatn renn inn i vassdraget vil krevje ei høyringsuttale frå NVE. Dette gjeld tiltak som masseflytting og grøfting og å legge bekkar i røyr.

I retningslinene frå forvaltingsplanen er det lagt føringar om å ikkje hogge gråorskog som veks langs elva, og det er skissert at ein ikkje tillét hogst i eit belte 75 meter frå elva på sørsida.

Forvaltingsplanen seier:

«I nedre delar av sjølve Muradalen er landskapsvernområdet til dels sterkt prega av lang tids landbruksdrift, og kulturlandskapet er ein viktig estetisk kvalitet ved verneområdet.»

«Område som tidlegare ikkje har vore gjødsla skal ikkje gjødslast.»

Det er eit mål at kulturlandskapet i nedre delar av verneområdet skal haldast i hevd utan nemnande nye tekniske inngrep. Det omsøkte arealet grensar mot elv, beitemark og skog. Området har ein viktig estetisk verdi fordi det er med på å skape eit heilskapleg inntrykk av natur- og kulturlandskapet i Hattebergdalen.

Nasjonalparkstyret ga i 2012 løyve til å dyrke opp 5 dekar innmarksbeite til fulldyrka mark (vedtak 21/12). Dette jordstykket ligg like innanfor vernegrensa frå parkeringsplassen på Fossberg og direkte tilknytt vegen. Forvaltar meiner at dette løyvet ikkje opnar for ein forvaltingspraksis der nydyrkingssøknader får automatisk løyve og at sakene her er så ulike at ein må sjå dei kvar for seg. Dyrka mark har langt mindre mangfald av planter, insekt og jordliv enn kva gamal, ugjødsla natureng og beitemark har. Dyrka mark gir også ein anna inntrykk i landskapet enn kva natureng gir. Om nasjonalparkstyret her opnar for eit løyve vil dette få ein stor presedensverknad i eit verneområde med store areal innmarksbeite som lett kan dyrkast opp. Om det opnast for ein slik forvaltingspraksis vil nok fleire søke, då det er stor pågang for å få tilgang til dyrka mark i Rosendal.



I konsekvensutgreiinga for landbruk som vart gjort i samband med verneprosessen i 2003 er det nemnd at fleire gardsbruk er tildelt dyrkingsteigar som ligg inne i verneområdet i samband med jordskifte. Av desse var det fleire som ikkje var dyrka opp på vernetidspunktet. Dette tyder på at problematikken har vore på bordet i samband med verneprosessen og difor ikkje er oversett. Forvaltar kjenner ikkje til om gnr 87/2 er blant desse gardane. Det er ikkje tilgjengeleg andre areal på eigedommen for oppdyrking. Difor er det ikkje vurdert alternative plasseringar i søknaden. Det er stor etterspurnad etter slåtteareal i Rosendal og omeign og lite tilgjengeleg leigeareal. Forvaltar har forståing for at søkjar ikkje har andre alternative areal tilgjengeleg på denne eigedommen, men meiner tiltaket har ei så stor innverknad på verneverdiane at dette ikkje kan leggast vekt på i sakshandsaminga.

Konklusjon

Nydyrkinga som det er søkt om her vil ha stor innverknad på terreng, landskapet og heile inntrykket av landskapsvernområdet her ved inngongen til Hattebergdalen. Saman med terrengforandringa som tiltaket krev gjer dette at verneverdiane blir påverka i vesentleg grad. Forvaltar rår difor til at tiltaket som omsøkt ikkje får løyve.

ST 39/20 Referatsaker

ST 40/20 Delegerte saker

DS 23/20 Delegert vedtak - Løyve til helikoptertransport av felt hjort - Folgefonna nasjonalpark

DS 24/20 Delegert vedtak - Løyve til plassering av geocache på Gygrastol - Folgefonna nasjonalpark

DS 25/20 Løyve til motorisert ferdsel med helikopter i samband med arbeid på stølshus i Vierdal i Folgefonna nasjonalpark Løyve til motorisert ferdsel med helikopter i samband med arbeid på stølshus i Vierdal - Folgefonna nasjonalpark

DS 26/20 Delegert vedtak - Løyve til bruk av helikopter for fjerning av høgspenlinje - Mosnes - Folgefonna nasjonalpark

DS 27/20 Delegert vedtak - Løyve til bruk av drone til filming i samband med kunstprosjekt - Folgefonna nasjonalpark

DS 28/20 Delegert vedtak - Løyve til helikoptertransport av utstyr og personer for tilsyn av storfe - Buerstølen - Ullensvang - Buer Landskapsvernområde

DS 29/20 Delegert vedtak - Løyve til bruk av helikopter - Fonnabu - Kvinnherad kommune - Folgefonna nasjonalpark

DS 30/20 Delegert vedtak - Løyve til bruk av helikopter til frakt av materiale og utstyr - Tveitnessetra - Furebergsdalen - Folgefonna nasjonalpark

DS 31/20 Delegert vedtak - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalpark - Søknad om utfyking av hjortevilt - Bondhus grunneigarlag

DS 32/20 Delegert vedtak - Løyve til bruk av helikopter - Vedlikehald av Buførevegen - Reisetete - Folgefonna nasjonalpark

DS 33/20 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel - helikopter - transport - materialer og utstyr - sel - Bondhusdalen landskapsvernområde - Kvinnherad

DS 34/20 Delegert vedtak - Løyve til helikoptertransport av utstyr til vøling av stølshus - Vierdal - Folgefonna nasjonalpark